



## Notat

Dato: 20.02.2018  
Arkivsak: 2017/4934-14  
Saksbehandlar: hakrasm

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål til fylkesutvalet - Ferjeavløysingsordninga

Anne Beth Njærheim (V) har sendt inn følgende spørsmål til møte i fylkesutvalet 21-22.02.18:

«Syner til brev sendt til Samferdseldepartementet og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet datert 13.02.18 om **Ferjeavløysingsordninga - førespurnad om førehandsavklaring og overslag på kor mykje vegprosjekt på Bømlo til erstatning for sambandet Langevåg – Buavåg kan utløyse i ferjeavløysingsmidlar.**

Det står i brevet at det ikkje er noko politisk vedtak om å leggje ned ferja Langevåg – Buavåg.

Spørsmål er kven har tatt initiativ til at brevet er sendt og kvifor er dette brevet sendt utan politisk handsaming?»

#### Svar:

Brevet er sendt som del av sakshandsaming ved revisjon av Bømlopakken. Dersom det vil kunne utløyse store midlar å søkje støtte frå ferjeavløysingsordninga, vil det etter administrasjonen si meining vere interessant for finansiering av neste versjon av Bømlopakken. Bompengebelastninga vert med eit slikt tilskot monaleg mindre.

Om departementet godkjenner at ordninga kan nyttast, vil alternativet bli del av dei naudsynte politiske vedtak for å sende søknad om stønad etter ferjeavløysingsordninga og revidert bompengesøknad.